



Nokre av sauene til Ivar Kåre Døssland

Den store sauesamlinga tek til laurdag i Fjellhaugen og Bjørnebøle. Sankelaga fordeler seg på ulike beiteområde med kvar sine samlingsplassar og kvier. Berre på Bjørnebøle finn vi sankelag i Stakkabotn, Åtotelv og i Grønningen.

Tidleg laurdag samlast sankarane og alt på ettermiddagn er store flokkar klare for transport heim til ulik bygder, Sauer på beite i Uskedalsfjella er alt komne til bygds slik vi ser det på Haugland og Haugland.

Ivar Kåre Døssland har sauene sine på Lågånoso og i lia inn mot Fagerskars For nokre veker sidan stog ein stor saueflokk ovom gjerde i den merka stien mot Lågånoso. Det var for tidleg å ta dyra heim. Kaldare dagar i fjellet gjer at dei søker heim.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal